



To jenter frå Uskedalen har vore skodespelarar i musikalen: Synnøve Bringedal (til venstre) og Silje Eik Gjerde. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**To åttandeklassingar frå Uskedalen er blant dei meir enn 60 (!) som har vore involvert i oppsetjinga av musikalen Our Day Out på Husnes. Storsatsinga til Kvinnherad Kulturskule under Kvinnherad Kulturfestival må registrerast som ein gedigen suksess og Synnøve Bringedal og Silje Eik Gjerde har sin del av æra for det..**

Terningkast fem i Kvinnheringen under overskrifta "Suksess for klassetur" og rosande omtale ved utsendt BT-medarbeidar seier sitt.

Our Day Out hadde premiere fredag og vart spela to gonger laurdag

- Eg bur ikkje i Uskedalen, men på Sandvoll, korrigerer Silje i ein høgst fortent mat- og kvilepause mellom dei to framsyningane laurdag. Men Silje var uskedeling i rundt 10 år før ho flytta for tre år sidan og ved eit slikt høve må vi i det minste ha lov til å rekna henne som ein av oss. Synnøve bur framleis i Kleivadalen.

Dei to jentene går som lokalkjente forstår på kvar sin ungdomsskule, men begge såg oppslag på skulen i fjor om den planlagte, lokale satsinga på ein av dei mest populære og mest spelte musikalane i Storbritannia. Dei nølte ikkje med å melda seg på og vart to av 12 ungdommar som deltok i framsyninga som skodespelarar..

Medan Silje var med på suksess-oppsetjinga av Oliver for tre år sidan er dette Silje sin debut.. På den andre sida svarar Silje "veit ikkje", medan Synnøve kjem med eit klart "ja" når uskedalen.no spør om dei tek sikte på å bli skodespelarar.

Men begge svarar "veldig gøy" når vi vil veta korleis dei har hatt det i øvingsperioden. Men den har vore tøff nok, innrømmer jentene. Den har strukke seg over seks helgar og den lengste helgeøkta vara i 17 timar, fortel dei. Synnøve spela ei jente som heitte Remy og hadde mange replikkar. Silje spela Emma og hadde nokre færre. Men ingen av dei har hatt problem med å hugse - replikkane har sete som støypt!

Unge og eldre må ha jobba godt saman under førebuingane når ein ser på resultatet. Og det har vore litt å halda styr på: Til saman har 20 skodespelarar, 13 dansande seksåringar og ni musikarar delteke og dei fleste gjev

regissør Karina Oppdal og produsent Clive Anderson den største verbale blomebuketten for at prosjektet let seg realisera på ein så framifrå måte.

Kvinnheringen sin anmeldar skriv at mykje av stykket kviler på dei vaksne hovudrollane og han bukkar for Leif Sverre Enes og Elsbeth Marina Mikkelsen. Han kunne også ha teke med Arne Torget. Men også elevane imponerte, ikkje minst framførte dei felles songnummer med bravur, skriv anmeldaren.

Av Ola Matti Mathisen



Synnøve Bringedal (nærmast fotografen) har som dei andre aktørane hatt ei stor oppleving med Our Day Out. (Foto: Ola Matti Mathisen)